

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 25.09.2009
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over aktuelle høyringar per 25.09. 2009**

Styresak 091/09 O

Styremøte 15.10. 2009

Administrerende direktør si orientering pkt 9

Dato for brev	Saka gjeld	Status
19.05.09	Rapport om smittevern i fengsel. Helsedirektoratet rår til at det blir innført nye faglege retningslinjer og nødvendige rutinar som sikrar mot smitteoverføring mellom innsette i fengsel.	Høyringsfrist 20.08.09. Uttale ikkje gitt.
26.05.09	Forslag til forskrift om legemiddelassistert rehabilitering (LAR-forskrifta) og utkast til nasjonal LAR-retningslinje.	Høyringsfrist 01.09.09. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar. Uttale sendt 03.09.09 i samsvar med vedtak gjort i styret i Helse Vest RHF i styremøte 02.09.09, sak 080/09 B.
28.05.09	Forslag til endringar i barnehagelova – rett til barnehageplass for barn av asylsøkarar.	Høyringsfrist 07.08.09. Uttale ikkje gitt.
17.06.09	Høyring om endringar i arbeidsmiljølova sine føresegnar om midlertidig tilsetjing – tilkallingsavtaler mv	Høyringsfrist 17.10.09.
26.06.09	Utkast til forskrift om takstberekning og maksimalprisar for løyvepliktig drosjetransport.	Høyringsfrist 01.11.09.
30.06.09	Utkast til ny forskrift om strålevern og bruk av stråling.	Høyringsfrist 01.10.09. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar.
30.06.09	Forslag om endring i forskrift om utgifter til poliklinisk legehjelp – endringar i regelverk for innsatsstyrt finansiering (ISF) og moglegheit for å utløyse eigendel. Oppfølging av Stortinget si tilslutning om å endre helsepersonellkravet i regelverket for	Høyringsfrist 17.08.09. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar. Uttale sendt 19.08.09. I uttalen stiller Helse Vest seg positiv til at forskrifta blir endra slik

	ISF.	at det blir opna for at helsehjelp utført av anna helsepersonell enn legar kan utløyse eigendel. Dette vil gi ein meir "helsepersonellnøytral" finansieringsordning for polikliniske spesialisthelsetenester. Helse Vest tiltrer også forslaget om gebyr for tilfeller der pasienten ikkje møter til avtalt tid og for tilfeller der avmelding kjem seinare enn 24 timar før avtalt tid.
30.06.09	Utkast til nasjonal retningslinje for behandling og rehabilitering ved hjerneslag.	Høyringsfrist 15.10.09. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar.
03.07.09	Revisjon av forskrift om prøveordning med narkotikaprogram med domstolskontroll.	Høyringsfrist 07.09.09. Uttale sendt 01.09.09. Helse Vest har ingen merknadar til dei justeringar og presiseringar det er lagt opp til.
07.07.09	Utkast til kravsspesifikasjon for PKI i offentlig sektor.	Høyringsfrist 15.09.09. Uttale ikkje gitt.
07.07.09	Høyring – barn som kan vere ofre for menneskehandel – adgang til midlertidig plassering utan samtykk på institusjon for beskyttelse og omsorg (forslag til ending i barnelova)	Høyringsfrist 30.10.09.
28.07.09	Forslag til framtidig organisering av nødmeldetenesta (112-rapporten)	Høyringsfrist 28.10.09. Sendt helseføretaka for innspel og kommentarar.
22.07.09	NOU 2009: 18: Rett til læring. Innstilling frå utvalet for betre læring for barn, unge og vaksne med særskilte behov.	Høyringsfrist 27.11.09.
20.08.09	Forslag til endringar i krav til energiforsyning i bygningar.	Høyringsfrist 15.10.09.
03.09.09	Forslag til forskrift om nasjonalt vaksinasjonsprogram og endringar i SYSVAK-registerforskrifta.	Høyringsfrist 18.09.09. Uttale sendt 17.09.09 der Helse Vest - foreslår at ved pandemisk influensa bør det vere ei plikt for helseføretaka å tilby pandemivaksinasjon til eigne tilsette etter retningslinjer frå Nasjonalt folkehelseinstitutt. - foreslår at helseføretaka bør få ei plikt til å tilby vaksinasjon mot sesonginfluensa til eigne tilsette etter retningslinjer frå Nasjonalt Folkehelseinstitutt. § 3b i ny forskrift bør inkludere helsepersonell som pleier eller behandlar pasientar i risikogruppene. Vaksinasjon mot sesonginfluensa bør bli tatt inn i nasjonalt vaksinasjonsprogram. - støtter at vaksinasjon mot pandemisk influensa skal registrerast i SYSVAK utan krav om eksplisitt samtykke. Vaksinatørane bør påleggjast plikt til

		å registrere vaksinasjon i SYSVAK. - støttar at vaksinasjon mot sesonginfluensa kan registrerast i SYSVAK dersom den vaksinerte samtykker, og at helsepersonell har plikt til å registrere.
11.09.09	Utkast til forskrift om kvalitetssikring i høgare utdanning og fagskoleutdanning.	Høyringsfrist 11.12.09.
16.09.09	Revidering av rettleiar IS-1022, Helsetenesta sitt tilbod til asylsøkarar og flyktningar.	Høyringsfrist 01.12.09.